

DEBATT

Olja Økonomi



Leverandørindustrien til olja har utvikla seg langt meir enn anna verksemd når det gjeld storleik, løner og lønsemd. Dermed er spesielt Vestlandet sårbart for konjunktursjokk. Her Per E. Høyland hos Aarbakke med ein dings til ein million.

FOTO: PÅL CHRISTENSEN

Mykje taler for at Vestlandet på lengre sikt vil være godt tent med at veksten i petroleumsverksemda kjem i betre takt med veksten i andre deler av økonomien.

Stor fallhøgde, spesielt for Vestlandet

IDAG LEGG Det internasjonale energibyrådet (IEA) fram sin årlege flaggskip-rapport World Energy Outlook, med åtvaringar om at fleire sider ved dagens energisituasjon manglar bærekraft. Oljeprisen er rekordhøg og legg ein dempar på den økonomiske veksten i verda. Den høge oljeprisen skaper endringar i både tilbod og etterspurnad – for olje, naturgass og konkurrerende energikjelder. Sist, men ikkje minst er det vanskeleg å foreine ei ubrotten auke i energietterspurnad og utslepp av klimagassar med eit mål om å dempe den globale oppvarminga.

Berekraft legg grunnlag for stabilitet i økonomisk aktivitet, i energiforsyninga og for klimaet. Ei nærliggande tolking av åtvaringane frå IEA er derfor at utsiktene for energisituasjonen i verda er meir usikre enn på lenge. I ein del av verda som er så eksponert mot oljeverksemd som Vestlandet, er dette signal som må takast på alvor.

NETTOPP OLJEVERKSEMDA har vore særst viktig for det eventyrlige oppsvinget me har opplevd på Vestlandet heilt sidan byrjinga av 1970-talet, men kanskje aller mest det siste tiåret. Denne utviklinga har gitt høg vekst i sysselsettinga, høg vekst i inntekt og formue og rekordlåg arbeidsløyse. Heller ikkje denne medaljen er utan ei baksida. Der står det inngravert «fallhøgde» med store bokstavar.



Klaus Mohn

Professor, Handelshøgskolen ved UiS; professor II, Norges Handelshøyskole

Teikn i tida tyder på at kapitalmarknaden ikkje fullt ut er nøgd med den høge investeringsaktiviteten i olje- og gassnæringa.

Forvaltninga av dei norske olje- og gassressursane har oftast vore karakterisert som ein suksess, både av fagøkonomar og politikarar. Fondsmekanismen skiljer oljeinntektene frå utgiftene over statsbudsjettet, og handlingsregelen for finanspolitikken sett ei rettesnor for innfasinga av olje- og gassinntektene i norsk økonomi. Mange har derfor rekna med at norsk økonomi langt på veg var vaksinert mot utfordringar knytt til «rikdommens paradoks» og «hollandsk syke», som har møtt så altfor mange andre ressursrike land verda over.

MENHANDTERINGA av ressursrikdom i ein liten open petroleumsøkonomi handlar om meir enn bruken av oljeinntekter over statsbudsjettet. Ei side som har fått for lite merksemd, er verknadene frå ressursbruken i næringa. Oljeselskapa sine utgifter til investeringar og drift har nemleg lagt grunnlag for ei sterk leverandørnæring på Vestlandet, der kraftig marknadsvekst har gitt høge inntekter og store ringverknader langs heile kysten.

Stadig høgare oljepris har gjort at aktiviteten i den petroleumsverksemda har auka raskare enn resten av norsk økonomi. Samla etterspurnad frå olje- og gassnæringa har kome opp i 15 prosent av verdiskapinga i Fastlands-Norge. På Vestlandet er det grunn til å tru at prosentdelen er nærmare dobbelt så høg, spesielt når ein legg til au-

kande leveransar av petroleumsrelaterte tenester til eksport.

Resultatet er ei vriding av verksemda i stadig fleire fastlandsnæringar mot leveransar til petroleumsrelaterte aktivitetar heime og ute, der god betalingsvilje har gitt betre lønsemd enn i anna konkurranseutsett produksjon. På denne måten har petroleumsnæringa lagt grunnlag for høg sysselsetting, låg arbeidsløyse, men også høg lønnsvekst og press mot konkurranseevna for andre næringar i regionen.

LANGT PÅ VEG er dette ei ønska utvikling, som er støtta opp av medviten politikk. Heilt sidan 1970-talet har det vore ei uttalt målsetjing at olje- og gassressursane skulle legge grunnlag for livskraftig næringsutvikling på norsk jord. Resultatet er den leverandørnæringa me har i dag.

Etter eit forbigåande tilbakeslag for oljenæringa for om lag 10 år sidan, gjorde ein i tillegg næringspolitiske framstøyt for å auke leiting og utbyggingsaktiviteten på norsk sokkel. Saman med høgare oljepris la denne politikken grunnlag for ei sterk auke i investeringane på norsk kontinentalsokkel.

Delprivatiseringa av Statoil flytta i tillegg det meste av ansvaret for planlegging og drift over til kommersielle aktørar, i all hovudsak børsnoterte oljeselskap. Dette har medført at den politiske kontrollen med investeringar og aktivitet i

olje- og gassverksemda i dag er avgrensa.

TEIKN I TIDA tyder på at kapitalmarknaden ikkje fullt ut er nøgd med den høge investeringsaktiviteten i olje- og gassnæringa. Marknaden er misnøgd med utviklinga i produksjon, kostnader og lønsemda i oljeselskapa. Samstundes kan det sjå ut som om investorane er meir usikre på oljeprisutsiktene enn oljeselskapa.

Resultatet er at dei private investorane no tryglar oljeselskapa hardare enn på lenge med krav om høgare aksjeutbytte i dag og meir gjerrige prioriteringar rundt kostnader og investeringar. Denne vridninga i merksemd frå vekst til verdiskaping kan gjere sitt til å dempe aktivitetsutviklinga på norsk sokkel, og dermed og for ringverknadane på Vestlandet.

LIKEVEL ER DET NO stadig fleire som uttrykker uro for at den høge eksponeringa mot petroleumsutvinning gjer oss meir sårbare for nye internasjonale konjunktursjokk, som til dømes eit fall i oljeprisen. Dette gjeld spesielt på Vestlandet, der den økonomiske aktiviteten har ei meir tydeleg slagside mot olje og gass enn i resten av landet. Dette taler for at Vestlandet på lengre sikt vil være godt tent med at veksten i petroleumsverksemda no kjem i betre takt med veksten i andre deler av økonomien.